

Føremål

Dette dokumentet er meint å gje deg nøkkelinformasjon om terminhandel i valuta. Det er ikkje meint som marknadsføringsmateriell. Informasjonen under er lovpålagt for å gje kunden informasjon om risiko som er tilknytt terminhandel i valuta. Det skal og gje deg innsikt i kostnader, samt potensielt tap og gevinst ved å nytte deg av produktet, og for å kunne samanlikne med andre produkt.

Produkt

Beteikning:	OTC (unotert) – Valutaterminkontrakt
Namn på utstedar	Sparebank 1 Sogn og Fjordane
Kontaktinformasjon	57 82 97 00
Regulert av:	Finanstilsynet
Produksjonsdato	xx.xx.xxxx

Åtvaring

Du er i ferd med å investere i eit produkt som kan være vanskeleg å forstå.

Kva slags produkt er dette?

Dette er eit produkt der du handlar ein valuta (EUR) mot ein anna valuta (NOK), med framtidig oppgjjer (3 mnd). Investor kjøper/sel EUR og sel/kjøper NOK. Produktet kan nyttast som eit investeringsobjekt, eller sikre framtidige kontantstraumar.

Avtalelengde

Avtalelengde blir avtalt mellom investor og meklar (t.d. 3 månadar). I ein slik avtale må ein forhalde seg til ein spotkurs, som er dagens kurs, samt frådrag/tillegg som reflekterer rentedifferansen mellom dei to involverte valutaene. Dette kallar vi terminkurs. Ved forfall er investor forplikta til den avtalte kursen frå den dagen handelen vart inngått.

Oppgjjer

Ved forfall er investor forplikta til det oppgjeret som kjem, være seg positivt eller negativt. Sel investor EUR og kursen faller, vil investor få ei utbetaling på oppggersdato. På same måte, om EUR styrkar seg mot NOK, lyt investor betale inn differansen ved forfall.

Vel investor å avslutte før forfall, blir det ei motrekning av renter for å fastslå gevinst/tap på terminen.


Døme på deltaking i terminhandel:

Spotkurs	11,50
Rentepunkt	0,07
Terminkurs	11,57
Terminlengde	3 månadar
Investert beløp	EUR 10.000
Valutakryss	EUR/NOK

Døme på deltaking i terminhandel:

- ønsker å sikre seg mot svingingar i valutakurs
- har evne og kan handtere tap
- har tileigna seg kunnskap og/eller har erfaring med produktet
- har som utgangspunkt å halde produktet til forfall

Kva risiko er forbundet med produktet?



Risikovurderinga av produktet er gjort med omsyn til at kunden beheld produktet til forfall (kontrakta si levetid). Den viser kor sannsynleg det er at produktet vil tape pengar på grunn av endringar i marknaden, eller fordi kunde ikkje kan gjere opp for seg. Vi har kategorisert dette produktet som høgast risiko, sju av sju. Dette produktet inneberer ingen beskyttelse mot framtidig marknadssvikt, slik at du kan miste deler av, eller heile investeringa. Om vi ikkje er i stand til å betale deg det vi forpliktar, kan du miste heile investeringa.

Stress	Potensiell avkastning etter kostnader	NOK -10.591,39
	Gjennomsnittleg avkastning, omrekna til årleg avkastning	-41,58%
Ugunstig	Potensiell avkastning etter kostnader	NOK -6.101,63
	Gjennomsnittleg avkastning, omrekna til årleg avkastning	-24,26%
Moderat	Potensiell avkastning etter kostnader	NOK -189,20
	Gjennomsnittleg avkastning, omrekna til årleg avkastning	-0,75%
Gunstig	Potensiell avkastning etter kostnader	NOK 4.392,90
	Gjennomsnittleg avkastning, omrekna til årleg avkastning	16,52%

Kva skjer om Sparebank 1 Sogn og Fjordane ikkje er i stand til å gjere opp for seg?

Produktet er ikkje underlagt garantiordninga for innskot. Det betyr at om utstedar, Sparebank 1 Sogn og Fjordane, ikkje kan gjere opp for seg, vil deler eller heile gevinsten gå tapt.

Kva kostnader er forbundet med produktet?

Kostnadane er hovudsakleg innbakt i spotkursen som kunde godtar, eller avslår. Om kunde vel ein lenger termin enn tre månadar, kan kostnadane bli høgare.

Nominelt beløp EUR 10.000

Premiss for kostnad Kunde avsluttar handel etter tre månadar.

Totale kostnader 110 NOK

Påverknad på avkastning 0,4 prosent

Korleis påverkar kostnadane avkastninga årleg

Kor lenge bør investor behalde investeringa, og kan avtala avsluttast før forfall?

Det er anbefalt å halde investeringa til forfall. Er terminhandelen gjort for å sikre kontantstraum så kan forfallsdato endrast, både framover og bakover i tid. Om avtala avsluttast før kontantstraumen er mottatt/betalt, kan det påføre kunde tap.

Korleis kan kunde klage?

Sparebank1 Sogn og Fjordane sin prosedyre for klagebehandling er tilgjengeleg på www.ssf.no

Klager på produktet, handtering av representant for SSF (den som rådgjer eller presenterer produktet) rettes til Sparebank 1 Sogn og Fjordane. Sjå meir informasjon på www.ssf.no

Ved mottak av klage vil bankens klageinstans informere om forventa behandlingstid, og moglegheiter til å få vurdert din klage av ein klageinstans. Du vil informerast skriftleg om utfallet av klagen. Om du ikkje aksepterer utfallet, vil det begrunnes skriftleg.

Du har rett til å klage på vedtaket til Verdipapirforetakenes Etiske Råd (www.vpff.no) eller i Finansklagenemnda (www.finkn.no).

Anna relevant informasjon